



*Deg være ære, Herre over dødens makt! Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se, en engel kom, åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom (NS nr. 197)*

Nr. 1

65. årgang

Påsken 2024



Våren har vekt mange sinn med sitt sterke og klare vitnesbyrd om liv. Diktarar og komponistar har latt seg inspirere, bøndene pløyer og sår i håp om å sjå nytt liv vekse fram også denne sommaren. Har du lagt merke til fuglesangen denne våren?

I år er det tidleg påske, og snøen dekker nok store deler av bygda vår enno. Likevel vil eg snakke om våren og livet i påskeandakten. For i Kyrkja stansar ikkje livet med vinter, snø eller det som ser daudt ut. I Kyrkja er døden å forstå som eit skilje, eit skilje mellom livet i

tida og det evige livet.

Me feirer påske til minne om at Jesus døde for menneskeslekta si synd, og vi feirer vidare at Jesus sto opp frå dei døde på påskedagen og med det vann over døden ein gong for alle.

Me spør som Paulus i 1. korinterbrev 15:55-56: «Død kvar er din brodd? Død kvar er din siger? Brodden i døden er synda, og krafta i synda er lova. Men Gud være takk som gjev oss siger, ved vår Herre Jesus Kristus!»

Kristus sigra over døden, og me får lov å tru det. Kanskje er det siste setning som gjer sterkest inntrykk: «me får lov å tru det». Me får lov å stole på det, satse på det, kvile i det – bruk det verbet som passsar.

På ein vårdag som denne – snø eller ei – kjem eg i hug Jesaja sine ord i kapittel 43:18-19: «Tenk ikkje på det som hende før, gjev ikkje akt på det som eingong var, sjå eg skaper noko nytt. No gror det fram, merker de det ikkje?»

Om me legg merke til dette, trur det, håpar på det eller ei, ja så hender det like fullt. Det er ikkje berre presten som forkynner oppstoda frå dei døde. Heile skaparverket fortel om det! Snart vil blomar og bjørker springe ut – uavhengig av om me merker oss det eller ei. Dei vil stå der med sin stolte og enkle budskap: Livet vann over døden, denne våren med.

Jo, men våren og blomane er årvisse, innvender du kanskje. Ja dei er det, og like sikkert som dei signar oss denne våren med, er det at Gud sjølv vann over døden og viste det ved å reise Jesus opp til liv etter tre dagar i dødsriket. Alt dette hender uavhengig av oss og vår innsats. Slik virkar nåden.

Død kvar er din brodd?
Død kvar er din siger?

Kristus sigra over døden ein gong for alle, og me får leve i tillit til dette også denne våren.

Ta imot, takk og vær glad, og dersom dette skulle kjennast vanskeleg, lytt til fuglesongen.

God påske!

Ingebjørg Vik Laugaland
sokneprest i Vang



VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Kristin Bakke Lajord
kristin@bakkelajord.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Solbjørg Kvalshaugen
solbjorg_kvalshaugen@icloud.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkryset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Soknerådsleiar: Marianne Riste
marianneriste@hotmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

**ØYE KYRKJE OG
ØYE STAVKYRKJE**
Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Aud Synnøve Kvale
aud.kvale@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret
Dagleg leiar: Silje Hammerstad,
Tlf. 902 42 171
e-post: sh466@kirken.no
Kontortid: 09.00-15.00

Organist i alle kyrkjer: Stilling vakant

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124

Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Gravferdstider i kyrkjene i Vang:

1. mai – 30. september: tysdag – fredag kl. 11.00 eller kl. 13.00
1. oktober – 30. april: tysdag – torsdag kl. 11.00 eller kl. 13.00, fredag kl. 11.00

Neste menighetsblad utkommer uke 25, frist for innsending av tekst og bilder er 22. mai 2024. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Sigrid Nystuen.

Bemanning

Olav Bøland har vore kyrkjetenar i Øye og St. Tomaskyrkja i ca fire år, men hadde sin siste dag hjå oss på sjølvaste julaften. På same gudstenesta hadde han overlapping med arvtakaren, Eirik Øye. Me ynskjer å takke deg, Olav, for den gode innsatsen desse åra og ynskjer deg masse lukke til med tilværelsen i meir urbane strøk. Me ynskjer samtidig velkomen til Eirik, og lover at me skal prøve å stelle fint med deg så du forhåpentlegvis blir verande i rolla i lang tid.

Artur Budvytis har vore organist i kyrkjene i Vang dei siste fire åra, men har no valgt å takke for seg. Me har satt stor pris på både musikken og fleksibiliteten hans gjennom desse åra. Han har siste dag i stillinga søndag 17. mars, men me håper at han har høve til å være med som vikar i tida framover. Me takkar og deg, Artur, for tida du har delt ilag med oss i Vang og ynskjer deg lukke til med framtidige utfordringar.

Både organiststillinga og trusopplærar-

stillinga vår vart lyst ut i midten av februar, som ei mogleg kombinasjonsstilling, begge med søknadsfrist 1. april 2024. (Stillingsannonsa er å finne på både vangivaldres.no, kirkejobb.no, NAV og Finn.no. Webcruiter-referanse: 4771646852)

Eg nyttar og høvet til å takke dei tidlegare tilsynshavarane på alarmsystema i stavkyrkjene, Eirik Øye og Glenn Hansen Thune. Funksjonen på dagtid i kvardagane er inntil vidare lagt til kyrkjegardsarbeidaren vår, så får me sjå korleis dette blir løyst på sikt.

Sommarhjelp

Me har behov for både sommarhjelp vedrørende plenklypp og kantklypp, omvisarar i Høre stavkyrkje samt stellarar for legat- og årsstellsavtalane på kyrkjegardane. Sjå eiga annonse i bladet for detaljar. Desse behova vert og eventuelt lagt ut i lokalavisa i løpet av våren. Me håper at mange viser interesse for å være med å halde kyrkjegardane presentable i løpet av sommaren, så



gjerne spre det glade budskap til kjente og kjære!

Dugnad

Årets tidspunkt frå sokneråda står annonsert annan plass i bladet – og me håpar på stort oppmøte med engasjerte og ivrige bygdefolk. Ta med deg riva og annan hagereiskap for ei gratis treningsøkt, så me ilag får gjort det fint til 17. mai. Der serverast både kaffi og mengder med skrønehistorier undervegs.

Dagane byrjar no å bli lengre og me gler oss til atter ein ny vår og sommar.

Med ynskje om ei herleg påske til dykk alle – frå Silje



Påskehelsing

Påskehøgtida står framfor oss. Det er mange som fortener nokre etterlengta fridagar, og dei kan unne seg litt ekstra påskekos. Sol, skiturar, appelsinar, Kvikk Lunsj og glade barn er det mange av oss forbind med påske, og eg vonar så mange som mogeleg får ei slik draumepåske.

I Vang er det mange tilbod og aktivitetar, som mange vil nytte seg av. Ny-preparerte skiløyper, skirenn, påskelunsj og andakt /messe i naturen (med meir) krev ekstra innsats frå dei som arrangerer. Friviljuge, både einskildpersonar samt lag og organisasjonar, står på for at både dei som besøkjer oss og me som bur her skal ha gode tilbod – bli med og gjev dei ein takk for innsatsen i form av eit smil eller ein takk!

Me kan få ei draumepåske, langt frå krig og aggressive statsleiarar. Men òg i Vang er det mange som av ulike grunnar ikkje får oppleve draumepåskan, det



er grunn til å sende dei ein varm tanke. For at samfunnet skal gå rundt, vil mange jobbe i heile eller delar av påskan, dei som er på jobb fortener ein stor takk.

Som ordførar vil eg ynskje alle i Vang ei strålende påske med gnistrande skiføre og tid til familie og vener. I påskeegget ynskjer eg fred både i Ukraina og i Gaza.

Jørund Ødegård Lunde
Ordførar



Julefest i Høre

Tradisjonen tru arrangerte soknerådet i Høre også i år julefest for alle i kommunen. Laurdag 6. januar trassa 35 ungar og 36 vaksne vangsgjeldingar den bitande kulda og kom til samfunnshuset for nokre hyggelege timar der.

Det vart mykje springing og leik, som det jo skal vere på jultrefestar. Da alle var komne, vart det servert risengrynsgraut. Den heldigste grautetaren klarte å halde det hemmeleg at ho hadde fått mandelen til vi var klare for utdeling av marsipangrisen. Etter grauten underheldt Storm Buajore Tørstad, Amalie Veflen og Ea Kjørlien med kvar sine stykke på piano. Og Ingebjørg Laugaland fekk med ungene på eit julespel før vi kunne forsyne oss av velfylte kakebord.

Medan vi åt kake og drakk kaffi, trakk vi premiar på inngangsbillettane. Det var premiar frå Intersport Filefjell, Joker Ryfoss, Bygdinstøga, EL-Tjenester AS, Monter Kvismo og Føsse frisørstudio.

Vi var så heldige at Ole Kristian Leithe spelte torader då vi gjekk rundt juletreet. Det var stort stas, og ekstra stas å få rope på nissen på slutten. Det blir jo ikkje julefest utan nissen som kjem med godteposar til ungene. Men dette var nok det siste vi såg av nissen før neste juletid.

Takk til alle som bidrog med bakst og underhaldning, og til dei som kom og var med og laga ein fin julefest!

Marianne Riste
Foto: Kine Kvannefoss



Kulturstøga i Øye

Det flotte nye anlegget på Øyebakkin vart teke i bruk for fyrste gong i fjor sumar. Kulturstøga har vorte eit praktisk bygg for møter og samlingar, samt ikkje minst som servicehus for kyrkjene og tilleggs-utstilling i forbindelse med omvising. Under ser de utlåns-instruksen og gjeldande prisar, og me håpar at heile Vang nyttar seg av tilbodet i tida framover.

Instruks for bruk/utleige:

- Booking skjer via kyrkjekontoret (til sh466@kirken.no, evt mob. 902 42 171)
- Utlånskontrakt signerast ved henting av nøkkel på Klukkarhaugen, etter avtale.
- Før bygget blir forlate, følgast same rutinebeskrivelse /instruks for alle. Denne heng godt synleg på veggen – og er lik uansett om ein betaler leie eller ikkje.

Rutinen inneber: Støvsuging (eventuelt golvvask dersom det trengs), søppeltømming, vask av bord/benker og at ein set på oppvaskmaskina dersom dekketøy har vorte nytta. Det blir gjennomført jamleg vask på bygget – men ikkje nødvendigvis etter all bruk.


Pris for utleige:

- Næring og offentlege aktørar: kr. 500.-
- Lokale lag og foreiningar, og privatpersonar frå Vang: Gratis

Me kan tilby:

Langbord med 10 stolar, samt ein del lause trådstolar tilgjengeleg i bygget. I tillegg romsleg kjøkkenkrok med kjølfrys, komfyr og oppvaskmaskin. Her er det berre kaffiservice, kaffitraktar/kaffikanne og vasskokar tilgjengeleg per no, så til øvrige behov lyt ein ta med sjølv, inntil vidare.

Dette er eit flott lokale fylt med historie og kulturminner, som egner seg til alt ifrå formelle til mindre formelle møter og samlingar, samt eksempelvis dåp, konfirmasjon og minnesamvær dersom begrensa antall deltakarar. Det er og romsleg nok plass til å setje inn nokre fleire bord dersom behov for dette. Dersom me ikkje nyttar utstyret sjølve



på aktuelt tidspunkt, kan me og eventuelt låne ut lerret og framvisar, så de kun treng å medbringe eigen pc – men

forespør eventuelt dette ved bookinga.

Silje Hammerstad

I dette NålØye får alle plass!



Ein ny møteplass i bygda har vokst fram – fyrste onsdag i månaden inviterer Pernille Harket Bakke til NålØye!

- Heile ideen kjem eigentleg frå at eg ville lære meg å sy sjølv. Også har det ballet litt på seg, ler Pernille Harket Bakke.

Ho starta nemleg opp NålØye med tanke på at folk i bygda kan møtes for å gjere ferdig prosjekt, utveksle erfaring, lære nye ting, eller kun komme for å vera sosial. Fyrste onsdag kvar måned er det opne dører i Øye samfunnshus, og du kan til og med få middag for ein 50-lapp!

- Dette er ikkje ein reinspikka syklubb, altså. Tanken er at alle som vil kan komme innom, anten det er for å kun spise middag og prate, eller om dei har eit prosjekt dei vil jobbe med. Alle er velkomne, smiler Harket Bakke.

Gjenbruk i fokus

Ofte har ein lett for å kaste ting og klær som er ødelagt, eller som ein kanskje ikkje bruker så mykje lengre. Og nett-opp dette er ein av tinga Pernille øn-



Frå venstre: Pernille Harket Bakke, Glenn Roar Berge og Marita Skrebergene

sker å sette fokus på, med NålØye.

- Mange gonger kaster ein jo klær fordi ein ikkje veit kor ein skal begynne, skal det stoppes eller syast? Litt det er tanken her, at me kan reparere kledda våre, i staden for å kaste dei, seier Harket Bakke.

- I tillegg har me eit klesstativ der ein kan bytte klede, og kanskje finne nye skattar til klesskapet smiler ho.

Frå kl 17.00 serverer ho også middag for ein femtilapp. Maten står framme til 21.00, slik at alle som vil kan komme innom!

- Hverdagslivet er travelt, så om et mattilbud gjør at de kan ta turen hit, er det veldig koselig, seier Harket Bakke. For oppdatert informasjon kan du besøke Facebook-gruppa NålØye.

Innovangsjon v/Ida Nordland Hillestad

Eldrerådet i Vang

Ut frå kommunelova i 2018 er eldreråd vorte lovpålagt i alle kommunar og fylke i landet. Eldrerådet skal vera eit råd for medverknad og rådgjevande for kommunen i saker som gjeld eldre.

I reglementet for Vang eldreråd står det at «Eldrerådet skal ha til behandling alle saker som gjeld levekår for eldre i kommunen. Rådet kan også fritt ta opp andre saker som vedkjem eldre i kommunen». «Rådet skal også ha dialog og samhandling med organisasjonar.» Men eldrerådet er ingen klageinstans og kan og skal ikkje gå inn i enkeltsaker.

Vidare står det at Vang kommune skal ha eit eldreråd med sju medlemmer og varamedlemmer valt av kommunestyret. Av desse faste medlemmene skal det vera fem alderspensjonistar og to frå kommunestyret.

Det nyvalde eldrerådet i Vang består

av leiar Berit Nefstad, nestleiar Kari Bø Wangensteen, rådsmedlemmene Bjørn Bjørneseth, Knut O Haalien og Gunveig Holien. Kommunen sine representantar er Inga Bøe og Asgrim Opdal.

Politisk har Vang eldreråd som mål å fylgje med i revideringa av ulike planar. Det gjeld kommuneplanen sin samfunnsdel, handlings- og økonomiplan og bustadpolitisk plan for slik å kunne gi eventuelle innspel. Etter at kommunen sin samfunnsdel vert lagt ut på høyring til våren/sommaren, ynskjer eldrerådet å arrangere eit ope møte med andre seniorar i kommunen.

Mykje bra er allereie gjort for eldre i Vang som vi vil stø opp om. Gjennom til dømes prosjektet *Leve heile livet* kom det fram ynskje om fleire møteplassar for eldre i kommunen, noko som eldrerådet har merka seg. Av faste tilstellningar arrangerer eldrerådet Eldredagen,



som i år er lagt til Åsvang samfunnshus 1. oktober.

Eldrerådet representerer alle eldre personar i Vang, og eldrerådet ynskjer kontakt med desse – også med dei yngste eldre som nærmar seg pensjonistalderen. Dersom du sit inne med tankar og idear til eit aldersvenleg samfunn i Vang, så henvend deg gjerne til leiaren Berit Nefstad eller til ein av dei andre i eldrerådet.

Frå eldrerådet i Vang ved Kari Bø Wangensteen

Biskopens påskeandakt

Lat viljen din råda

Det tomme mørkeret som fyller langfredag kan vi kjenne oss att i. Kanskje kan vi også kjenne att sorga, omsorga og kjærleiken som blir vekt i oss i møte med den lidande og den døde?

Jesus skal snart takast ned frå krossen og leggest i grava. Og kvinnene ved krossen skal snart kikke inn i grava sitt tomme mørker, fylde av sorg, omsorg og kjærleik. Men kvar er Gud i alt dette meiningslause? Finst det håp?

Jesus bad i Getsemane-hagen, før han vart tatt til fange og krossfest: «Lat viljen din råda.» Vi feirar ikkje påske fordi Jesus døydde på krossen. Vi feirar påske fordi fortsetting følger. Bøna i Getsemane er som eit ekko frå Fadervår: «Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen». Det er ikkje ei stadfesting på at alt som skjer på jorda er Guds plan. Det er ei bøn om at Guds himmelske vilje skal skje, i alt som møter oss på jorda. Også i møte med lidning og død. At noko skal nyskapast.

Kan det finnast ein god Gud, når det er så mykje vondskap i verda? Det spørsmålet står framleis uløyst, men det står ikkje utan svar. Gud er skjult for oss, men Jesus er synleg. Kristus på krossen fortel oss noko om Gud. Vi ser Guds kjærleik spikra på ein kross. Vi ser Guds nærvær i den lidande. Og vi kan kjenne att verdas naud og mennesket si lidning i Jesu død. Også fortvilninga, einsemda, kjensla av å vere attgløymd av Gud, ropet og stilla. Vi kjenner att døden og dødskreftene.

Men vi kjenner att meir. I den krossfeste Jesus kjenner vi også att evangeliet om skaparen av himmel og jord. Han som gir livet sitt for venene sine. Som byd oss å elske vår neste. Som



Altartavla frå Sør-Fron kyrkje i Gudbrandsdalen, måla av Fredrik Petersen i 1797. Foto: Hamar bispedømme

gjer sjuke friske og reiser opp den som snublar. Han tar til seg menneske som er på utsida og forkynner nåde og hjartelag i ord og handling. Han syner oss ein kjærleik som er sterkare enn døden. Etter langfredagen si sorg og mørker kjem påskemorgonen med lys og glede. Det skjer, og livet vert skapt på ny. Fortsetting følger.

Gud er nær, og kjærleiken er sterkare enn døden. Den tomme krossen minner oss om døden, men først og sist er det teiknet på den oppstadne Kristus. Livet sigrar. Guds nærleik og kjærleik finst i verda.
God påske!

Ole Kristian Bonden
Hamar biskop

Positivprisen 2023

Alle kjenne mø sjølsagt han Vidar ... ordførarn i kommuna vår heilt te no i haust, då det kom eit kvemfølk ifrå Slire o åvertok ordførar-klubba. Ja då, ja, jau, ho er då gifte uppi Øye o ha butt her i væl 40 år ... men lell då du. Ja, ja, jau då, ho Jørand æ eit grepa kvemfølk, ha te o mæ vøre fylkespolitikar ... so mø meina vøl mø ha fått ein bra arvtakar ette hono Vidar.

No ve joletime va den årlege utdelinge te årets positive Vangsgjelding. Det ha vøre mange innspel o goe begrunnilsa igjøno nøkre år. Mange goe kandidata o verdige avgjerdo ... o jammen høyrst det ut te at følke synist prisen kom dit 'n



skulde i år mæ.

E tenkji mø får gratulere hono Vidar mæ prise!

Kost det kjem te gå mæ o no, dæ æ ei an sak. Han ha visst fått se arbei i Valdres

Næringshage. Æ då mykji på Fagernes, men kan ogso vera ein dag i vekun i Næringshaga uppi Synshaga. O so skån prøve lære uss ko mø kan finne på o drive mæ ... hæ, høyrst på makin! Ja, ja, ja då ... han ha no vist uss det før, at'n

bruka koma ne att på føto, so mø få vøl gje o lite ti der mæ.

Men, kæm æ'n Vidar?

Tja, slik eg fyrst lærte han å kjenne, var med gode replikkar, gjerne med litt kostymer og på ei scene. Då var Vidar i sitt ess, med uttrykk og fakter ... litt av det vi ellers såg i Leif Juster sine roller på scena. Vart litt kjent med han gjennom Vang Teaterlag, bildet øvst her er frå offisiell opning av Åsvang Grendahus i 1985. Det var ikkje berre ordførar og taler, men og litt underholdning. Eit av innslaga var «Kua og metrologien», med Sissel Henriksen som hesteskysskjørrar med kjennskap til dyr og værsignal, og Vidar som proffesor med kjennskap til den nymotens greia med å spå været.

Men ungdomen i Vang må ut på skule, så der mista vi Vidar. Han hadde tidleg tankar om at Vang var plassen han hadde lyst til å bu. Slik vart det heldigvis og. Både politikaren og privatpersonen har ved sume høve gjeve oss litt av teaterpersonen Vidar gjennom desse åra.

Vidar er svært klar på at det var greit å ikkje vera den eldste, odelsguten. Han fortel at oppvekst på gard oppi Øye, det var å hjelpe til. Å vera på stølen med dyra var avveksling, og mest som ein ferie. Men ... 3-4 dagar om sommaren kunne no han og broren få sammen med mama, hjå slekta i Reinli. Likevel, Vidar er heilt klar på at dette var ein god oppvekst. Ei utsegn eg trur svært mange av oss som er oppvaksne på gard, stiller seg bak.

Likevel kunne det bli kollisjon mellom arbeid og fritidsinteresser. Ski var noko av dette, men Vidar nevner spesielt han hugsar at han skreiv søknad til papa om å få lov å bli med på fotball i Vangskameratane. Den vart innvilga, og vart årsak til mykje spenning og moro på banen i unge år. Det stoppa ikkje der: då Vidar kom tilbake til Vang og ikkje lenger var på banen, vart han trenar, så lagledar, og i seinare tid speaker. Som speaker kan vi sikkert innimellom høyre han på Tveit Stadion fortsatt. Fotball vil nok og vera ei stor interesse vidare framover.

Heilt frå skuletida i Vang minnest han interessa for historie og det som rører

seg i samfunnet. Kanskje og litt påverka frå heimen der begge foreldra var aktivt med i forskjellige typer samfunnsoppgåver.

I militæret var Vidar infanterist og stasjonert i Åsegarden leir ved Harstad. Ei tid med prøving og læring om kva både kropp og topp kan mestre, samt mange gode minner, seier han. Korporal Eltun tok eit kurs i pedagogikk, kanskje heilt tilfeldig den tida, men som ikkje har vore bortkasta, påpeikar han. Etter militæret vart det lærarskule på Elverum og ein sving innom Distriktshøgskulen i Sogndal, med samfunnsfag og historie.

Vidar sin fyrste lærarjobb ... han fekk tilbod om jobb Hallingdal, men det enda med at han frå hausten 1993 hadde 1. kl på Åsvang, og der vart han til våren 2001. Vidar fortel om opplevingar som f.eks. 1. kl. med overnatting i snøhole. Han vart no kjent med Torstein Lerhol. Fekk sikkert og vera med å leggja grunnlaget for Torstein og klassekameratane sitt samarbeid, som vi har sett så mange dømer på ved Torstein sine utflukter, både i Norge og utlandet.

Denne tida vart Vidar å sjå saman med May Britt Framstad, ho utvida navnet til Framstad Eltun, og på nyåret 1996 var dei tre, etterkvart vart det ein familie på fire. No er fyrste besteforeldreungen kome ... stor stas, seier ein tydeleg stolt bestefar. I 2001 fekk Vidar endra både adresse og arbeidsplass. Lærarjobben vart no på den utvida og nyoppussa Øye skule, og bustad mest rett over vegen på garden Nordre Øye, som familien fekk kjøpt av slektningar etter ungkaren Ola Øye.

Så i 2011 vart Øye skule nedlagt, berre barnehagen heldt fram. No var Vidar arbeidslaus ... men dette fall saman med kommunevalet. Ordføraren i Vang heitte brått Vidar Eltun, so då var det problemet løyst.

Jau då - vi fornekta oss ikkje her i kommunen - mange var skeptiske til nye ordføraren. Men Vidar viste oss at han både kunne og ville. Han vart m.a. leiar i Stamvegutvalget for E16 og har jobba bra både der og ellers i kommunen. Mange slengjarar har dermed resultert i tre periodar som ordførar. Men Vidar påpeikar at det ikkje er han, men samarbeid, som har gjeve resultat.



Den største opplevinga som ordførar var nok i 2014. 200-årsfeiring av eiga grunnlov, og alle landets ordførarar samla på slottet hjå vår konge og dronning - stort å få helse på desse som representerer vårt land på ein så god måte - eit minne for livet, avsluttar Vidar.

Tekst og foto: Ivar Hemsing
Foto: Privat

Kyrkjebingo i Høre!


Etter mange års bingotørke i bygda inviterte Høre sokneråd til kyrkjebingo fredag 1. mars på samfunnshuset. I forkant av bingoen var det markering av Kvinnenes internasjonale bønnedag i stavkyrkja, der eit par av bingospelarane deltok. Det var ei fin og roleg stund i kyrkja før ein meir feststemt kveld i kafeteriaen på samfunnshuset.

Vi ønska å legge til rette for ein sosial og hyggeleg kveld for høresbygdingar og andre. Bingomaskina frå 1970 vart henta opp frå kjellaren og langbord dekkja. Då dørene opna kl. 20 var det kø utanfor. 49 ivrige bingospelarar kom og kjøpte seg 2-4 bingoblokker kvar, og mange kjøpte seg snacks og noko godt i glaset.

Sjølv om premiar ikkje er det viktigaste var det stas å vinne både sjokolade, kaffi og påskeliljer. Til storgevinstane fekk vi dagskort i heisen frå TyinFilefjell, fruktorg frå Joker Ryfoss, gavekort på stor pizza frå Sara, tennbrikettar frå Montér Kvismo – tusen takk! Vinnaren av kveldens lykketal ville fått 12 lekre sjokoladebitar frå Sjokoladenoter.

Det var stemning i salen for meir bingo i Høre, så vi tenkjer at vi kan lage til ein ny bingokveld til hausten.

Helsing Olav Dahl og Stein Inge Sæternes som styrde kiosk og kjøkken, Silje Olimb som gjorde det meste og Matilda Franklin som las opp tal medan Marianne Riste sjekka vinnarutropa og delte ut gevinstar.



Matilda og Marianne: Foto Helene Tvenge Quale





BARNAS

Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gøymt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt? Svar: Ruteark

Vitsar

– Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?
– Ja, ein kjøttkake, ein potet og ein ert.

– Eg skal ha to kaffe utan fløte.
– Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!

Teikning: Chiara Bertelli



God påske

- frå biblioteket
og frivilligsentralen



Musikk og lyrikk



Trass uvêr ute var det lunt og triveleg inne då Oddbjørn Skeie og Fredrik Diserud baud på musikk og lyrikk på Den klassiske gitarens dag 4. februar.

Kviss



Kviss har blitt veldig populært i det siste, og til no har vi hatt 6 kvisskveldar på biblioteket. Midt i julestria møtte heile 40 ivrige kvissdeltakarar opp og diskuterte seg gjennom 2x17 spørsmål om alt mellom himmel og jord og litt til. Det blir fleire kvisskveldar utover, neste kveld er sett til tysdag 23. april.

Litteraturfestival på VBU



I februar har biblioteket vore med på litteraturfestival på skulen. Dette er ein leseaksjon skulen har kvart år, og i år var folkebiblioteket og skulebiblioteket med og arrangerte. Vi har vore på skulen og lest i klasser og hatt besøk av klasser på folkebiblioteket. På opning og avslutning var heile skulen samla, og vi hadde Peppa Gris som tema, til glede for store og små.

Sterk og stødig

Vangsgjeldingane skal no bli sterke og stødige! Frivilligsentralen samarbeider med Frisklivssentralen om eit nytt tilbod og er overvelda og supergira over å ha fått sju frivillige som ynskjer å ta instruktørkurset. Kurset er planlagt ein dag i veke 10, og trimmen startar opp rett i etterkant: ein gong pr veke, med fokus på balanse og styrke, for forebygging av bl.a. fallskader. Tid og stad blir publisert etter kvart.

Generasjonstreff med babysang



Å samarbeide på tvers er spennande og triveleg, ein blir kjent med nye folk og nye stader. Det fyste generasjonstreffet i januar var på Fjordstøga på Vangsheimen, og baud på sang, kaffikos og triveleg stemning for fleire generasjonar. Anne leia sangen med god støtte frå Arthur på piano. Nye og gamle songar og songleikar kom som perler på ei snor, til glede for dei minste på golvet og dei eldste i godstolen. Med smått og stort var det over 30 som var med. Neste generasjonstreff er torsdag 21. mars på biblioteket, og torsdag 16. mai på Fjordstøga, begge kl 11. Velkomne til alle som vil vere med – helsing Kyrkja i Vang, Vangsheimen og Frivilligsentralen.

Møteplassen



Leve heile livet-treffet 8. februar vart halde på Filefjellstuene. Det sosiale er det viktigaste, men me prøvar òg å få

inn litt trim og informasjon for ein god middag.

Denne gongen informerte Joanke om husbanken og lån ved utbetring i heimen. Ida frå Innovangsjon viste fram foreningsportalen og kalenderen på vangivaldres.no. Inger sa litt om *Sterk og Stødig*, og Berit Nefstad orienterte om elderrådet, som ho er nyvalgt leiar for. Gerd Marken las diktet *Kongeveggen* av Anna Eltun. Til slutt var det god middag og mykje god prat med 17 til bords. Me hadde ynskje om eit lettare namn på arrangementet, og Møteplassen kom opp som forslag, så heretter blir det kalla det.

«Detta va trivele – ner e neste gong?» var fyste kommentaren etter at me takka for i dag. Neste gong blir i april – følg med!

Den store klesbyttedagen



Vi gjentek suksessen frå i fjor: laurdag 27. april kl 10-14 er det klart for den store klesbyttedagen! Kine Kvannefoss vil i samarbeid med frivilligsentralen og biblioteket bidra til at vangsgjeldingane kan bli med på ei miljøvenleg oppgradering av klesskåpet.

Frå etter påske t.o.m. 26. april tek vi imot pene og reine klesplagg -- maks 7 plagg pr. person. I bytte får du kupongar du kan bruke på klesbyttedagen. Lever på biblioteket eller til Kine på Fosse frisørstudio.

Digi-kafé



Scan koda for
nyheitsbrev!



Ein onsdag i månaden kl 12-14 sit dyktige frivillige digi-vertar klare på biblioteket for å hjelpe deg med bestemte emne og andre utfordringar du måtte ha med data eller mobil. Dei neste treffa denne våren er 3. april (Skattemelding), 8. mai (Digitalt demokrati på frigjøringsdagen) og 5. juni (Etter ønske).

I tillegg sit dyktige ungdomsdigi-vertar her KVAR MÅNDAG (utanom skuleferiar) kl 16-18. Så det er veldig gode sjansar no for å bli betre på data og smarttelefon og få hjelp med alskens digitale utfordringar!

Ope ordførarkontor

I februar starta ordførar Jørand Ødegård Lunde eit nytt initiativ for uformelle samtaler med innbyggjarane. Ho sat på biblioteket frå kl 14 til 16, og to personar var innom og prata lenge med ho, så det var ein god start. Fleire datoar

og meir blest kjem ved neste ope ordførarkontor! I tillegg vert det jobba med fleire opne møteplassar mellom politikarane og innbyggjarane, følg med for meir info.

Styrekurs

Frivilligsentralen planlegg kurskveldar for styrer i frivillige lag etter påske. Følg med for meir info, og om ditt lag har forslag til emne og aktuelle problemstillingar, så ta kontakt!

Ferie for alle

Det finst fleire tilbod om gratis ferieopphald for familiar med låg inntekt. Det mest nærliggande er Røde Kors som arrangerer flotte aktivitetsferiar på Merket på Vaset. Du kan ikkje søkje Ferie for alle som privatperson, men Frivilligsentralen kan sende inn søknaden på vegne av familien. Ta kontakt om du ønskjer meir informasjon om desse tilboda.

Opningstider i påska

Frivilligsentralen held stengt i påske-

veka, medan biblioteket har ope kl. 10-14 laurdag før palmesundag og måndag, tysdag, onsdag i påskeveka. Så tek vi påskefri og har vanlege opningstider frå tysdag etter påske. Påsketidene i BUA er i skrivande stund ikkje bestemt.

Følg med for meir info seier vi til stadigheit, korleis gjer du dette?

For den som brukar e-post: abonner på nyheitsbrevet vårt! (Scan koda over her) For den som brukar facebook: følg Vang folkebibliotek og Vang frivilligsentral! (Facebooksidene våre er ope for alle, du treng ikkje ha ein facebookkonto for å sjå)

Elles: sjekk nettsidene våre vang.frivilligsentral.no og valdresbiblioteka.no/vang-folkebibliotek, kom innom i opningstida, slå på tråden til 46 81 64 73 (FS) eller 61 36 94 26 (bib), eller ta ein titt på ulike plakattavler med jamne mellomrom.

Marte Tangen og Marianne Riste

Vesle-Vinje i Vang 25. mai!

Laurdag 25. mai kjem ei nyhende til Vang! Vinjerock, Vang frivilligsentral og Vang folkebibliotek går saman om å skipe Vesle-Vinje 2024.

I tre år har Vinjerock laga arrangement for barnehagane i Vang, og no vil me opne opp arrangementet for heile bygda!

På Vesle-Vinje vil borna få smaken av Vinjerock! Det vert sal av mat, organiserte aktivitetar frå BUA, høgtlesing på biblioteket, band, barnedisko, quiz og fleire aktivitetsbodar!

Arrangementet finn stad kring Vangstunet og er opent for alle.

Ta med slekt og vener til ein triveleg dag i Vang!

Ingebjørg Blomlie Müller,
Vinjerock

Aslak Brimi spelar for borna i barnehagane i Vang under Vesle-Vinje 2023, på Njukadn.



Takk til trofaste medarbeidere!

2023 og 2024 blir to år med store endringer blant staben av kirkelig ansatte i Vang. Det er virkelig søyler som takker for seg nå.

Guro Hovda har jobbet som kirkeverge og daglig leder i Kirkelig fellesråd i Vang siden «tidenes morgen», altså siden denne funksjonen ble innført av statlige myndigheter i 1997, og kirkeloven styrer i stor grad arbeidsoppgavene. Svært mye utføres i et samarbeid med et utall andre: Vang kommune – spesielt teknisk etat, økonomiavdelingen og kulturetaten – og soknepresten, dessuten de andre kirkevergene i Valdres.

Organist, kirkegårdsarbeider, samt mange personer i små, men viktige stillinger i hvert av de fire kirkesoknene er kirkevergens underordnede, mens fellesrådet – med åtte personer i hver fireårsperiode, i tillegg til sokneprest og kommunens representant – er overordnede. Virkelig et stort antall personer å forholde seg til! Men den mest utholdende og krevende samarbeidspartneren (til dels motstanderen) gjennom alle disse årene har vært Riksantikvaren med alle sine føringer omkring de verneverdige kirkene og arealene rundt (les: Øyebakkin, som har vært en gjennomgående og tidkrevende oppgave i mer eller mindre alle disse årene). Heldigvis er Guro en sosialt anlagt person med gode diplomatiske evner, så hun har greid seg godt gjennom alle disse utfordringene.

Anne Lajord Belsheim har jobbet som trosopplærer, sammen

Takk, Anne!

Da vi trengte trosopplærer i 2012 begynte Anne og undertegnede sammen i 20 %-stillingen. Sammen med Ingebjørg har vi funnet fram til, og gjennomført, mange gode tiltak for ungene i Vang.

Anne har vært en ekstra god ressurs i dette fordi hun har kontakt med mange foreldre, gjennom barnehagen og aktivitetene hjemme på gården. Hun er god til å snakke med ungene og fenge dem. Babysangen har nok vært hjertebarnt hennes, med mange gode samlinger for de minste, og ikke minst for foreldrene, som har latt praten gå over en kaffekopp og nystekte vafler. Men hun er god med alle aldersgrupper, og noe har vi vært sammen om å arrangere. Hun har fått oppgaver når JEG har hatt ansvaret, og hun har gitt oss andre oppgaver. Hun har hatt utallige turer til butikken og kjøpt inn mat til nesten alle aktiviteter der vi har servert mat. Gode forslag til ting å gjøre har hun også hatt – i det hele tatt veldig godt egna til denne jobben.

Vi har ofte vært enige om at det har vært godt å være to, og det er vel derfor vi nå slutter begge to.

Som din tidligere arbeidsgiver: Tusen takk for innsatsen!
Som din samarbeidspartner: Tusen takk for moroa!

Guro



med Guro, også siden «tidenes morgen», altså siden Den norske kirke innførte organisert trosopplæring omkring 2010.

Solveig Heimlid har vært klokker i Heensåsen kirke i hele 26 år, en oppgave som hun har skjøttet med stort engasjement og evne. Med prest og organist til foreldre er hun mer eller mindre oppvokst i kirken, så hun har nok hatt en temmelig naturlig tilnærming til oppgaven og har fylt den umiskjennelig med sin personlighet.

På den årlige julemiddagen for de ansatte, denne gangen på Tyinkrysset fjellstue, ble disse tre behørig takket for lang og tro tjeneste for Vang kyrkjelege fellesråd. Det var en meget hyggelig samling med god mat og ikke minst mange gode ord.

Tekst: Sidsel Offergaard Jevne
Tekst og foto: Silje Hammerstad



Eg går ikkje i kyrkja på søndagen, men eg kan godt ...

Denne kommentaren høyrer eg ganske ofte. Mange i Vang har oppsøkt meg for å uttrykke dette eller liknande om sitt forhold til kyrkja. «Me ønsker kyrkja som ein aktiv og synleg del av bygda vår, men det er ikkje naturleg for meg å gå på gudsteneste på søndagane.»

Eg har tidlegare samla praktiske oppgåver som treng akkurat di hjelp – både til å få jobben gjort og til å gi deg høve til å praktisk bidra til at kyrkja vår held fram med å være nettopp det som det store fleirtalet ser ut til å ønske seg – ei aktiv og synleg kyrkje i bygda vår.

Eg går ikkje i kyrkja på søndagen, men eg kan godt

- være med å ringe inn høgtidene og nyttår i kyrkjene våre
- ta ei økt med å halde kyrkja open i Vang eller St. Tomas i sommar
- vere nattevakt på Lys vaken
- bake ei kake/kringle til dugnadene på kyrkjegarden
- køyre ut Menighetsbladet
- bake til trusopplæringa og konfirmantarbeidet
- klyppe plenar på kyrkjegardane om sommaren
- hente og bringe folk som ikkje kjem seg til gudsteneste, men som gjerne vil delta
- skrive her i Menighetsbladet.

Men gjer ikkje sokneråda ein del av dette da? Er ikkje dette deira dugnad?

Dei gjer mykje av dette ja, men også mykje meir som ikkje er så synleg, og dermed vert vervet mykje meir omfattande enn det treng å være. Eit sokneråd er ikkje ein dugnads-gjeng, men valde representantar i kyrkjedemokratiet. Dette har me jobba ein god del med sidan bispevisitasen hausten 2021. **Poenget er: Du kan bidra og du trengst!**

Ta kontakt med Ingebjørg Laugaland
e-post il597@kyrkja.no,
tlf 926 53 320

Ingebjørg Vik Laugaland



PÅSKA I KYRKJENE 2024

Palmesundag 24.mars, Haukåsen kl 13:00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Peters.
Kyrkjekaffi i samarbeid med Sølv Havro i etterkant.

Onsdag 27.mars, Vangshelmen kl 13:00

Andakt m/nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Peters.

Skjærtorsdag 28.mars, St.Tomaskyrkja kl 12:00

Gudsteneste m/nattverd v/prestevikar Terje Eklund og organist Peters.

Skjærtorsdag 28.mars, Høre stavkyrkje kl 19:00

Gudsteneste m/fotvask og nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Peters.

Langfredag 29.mars, Børrella kl 12:00

Friluftsgudsteneste, v/sokneprest Laugaland m/fleire.

Påskennatt, laurdag 30.mars, Heensåsen kyrkje kl 23:00

Påskennattsgudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Peters.

1. Påskedag, søndag 31.mars, Vang kyrkje kl 11:00

Høgtidsgudsteneste m/nattverd, v/sokneprest Laugaland og organist Peters.

1. Påskedag, søndag 31.mars, St.Tomaskyrkja kl 12:00

Høgtidsgudsteneste m/nattverd og dåp, v/prestevikar Anny Holien og organist Budvytis.

2. Påskedag måndag 1.april, St.Tomaskyrkja kl 12:00-14:00

Open kyrkje

SOMMARVEKE MED KYRKJA I VANG 1.-5.JULI 2024

Aldersgruppe: 10-13 år

Oppmøte i Drengestøga,

kvar dag kl 08.00-08:30

Henting kl 15:30-16:00



Felles frokost og ettermiddags-snack, men alle har med eigen nistepakke til lunsj.

Presten vår er med alle dagane, og får hjelp av fleire andre.

Det blir ute- og inneaktiviteter etter vær og humør:

Leik, matlaging, turar, spel, høgtlesing, avslapping, og ikkje mobil 🤪

Pris pr barn 1500 kr

**Virkar dette kjekt? Då må me få vite det!
Me har 10 plasser som me fyller etter
førstemann-til-mølla prinsippet.**

Påmelding sendast til: il597@kirken.no

Feiring av Samefolkets dag 6. februar – for 20. gang i Øye

På Samefolkets dag var vi samla til kveldsgudstjeneste i Øye kirke. Soknerådsleder Aud Kvale i sin vakre Sognebunad tok hjertelig imot oss. Konfirmanter fra Øye var gode hjelpere, og kirka var fylt av en stor forsamling. Høre mannskor var aktive deltagere under gudstjenesten, og flere av de liturgiske leddene var på sørsamisk. Salmesangen denne kvelden var både på sørsamisk, nordsamisk og norsk.

Vi var så heldige å ha besøk av den sørsamiske presten Einar Bondevik, som sammen med vår prest Ingebjørg leda oss gjennom gudstjenesten på en god måte. Bondevik holdt preka. Han hadde en nydelig «samisk» stola i blått med symboler i perlebroderi og et flott skinnbelte med tinnbroderi. Han hadde også med seg et nattverdsett i samisk kunsthåndverk som vi var så heldige å bruke denne kvelden.

Laila Ottervik, som bor i Øye, sitter i det sørsamiske soknerådet og har bidratt til at den sørsamiske presten tok turen hit til Vang.

Etter ei flott gudstjeneste dro vi videre til festsamvær på samfunnshuset i Øye. Salen var flott pynta, og soknerådet var godt vertskap. Vi fikk servert nydelig reinkjøttuppe og flatbrød. Fram reinlag hadde sponsa kjøttet til suppa, og Stig Ottervik og gode hjelpere hadde kokt den. Høre mannskor deltok med vakker sang her også. Carl Philip fortalte historien for starten på feiringa av Samefolkets dag i Øye i 2005 og tok et lite tilbakeblikk på noen av de tidligere feiringene. Festsamværet ble godt leda av Aud Kvale, og hun hadde også intervju av den sørsamiske presten. Samværet ble avslutta med servering av nydelig marsipankake og kaffe og avtakking av aktørene.

Tusen takk til alle som bidro til denne flotte og innholdsrike feiringa av Samefolkets dag, både i kirka og på samfunnshuset. Takk både til alle som deltok med ord og toner og ikke minst takk til Øye sokneråd for stor innsats.

Tekst og foto: Kristin Bakke Lajord

Foto: Aud S. Kvale og Ingebjørg Laugaland



Samtale mellom Einar Bondevik og Aud S. Kvale

Aud: Einar Bondevik, prest i den sørsamiske menigheten, jeg ble så fasinert av etternavnet ditt, for det er mange kjente «Bondevik» i Norge. Kan du fortelle meg om det er en sammenheng?

Bondevik: Det er sammenheng med dei fleste som har navnet, ja. Mange er i slekt. Elles så har ein kanskje kome i frå, har røtter, frå samme plass. Men Bondevik ligg utafor Sogndal, i Sogndal kommune. Så der vaks eg opp, var lite i Valdres, men det er fint å koma hit i dag.

Aud: Nå har du altså flytta til Rana. Der er du midt i Norge? Norge er et lite land, men du verden så tynt og langt. Fortell hvordan det hadde seg at du dro til Rana.

Bondevik: Ja, Norge er et langt land. Mo i Rana ligger på Helgeland, halvvegs til toppen. Nei, eg va nyutdanna prest og i Rana va det ein ledig prestestilling. Eg kom opp dit som vanleg kyrkjelydsprest. Da eg kom dit, visste eg sjølvsgatt at det var i Nord-Norge, men eg ante ikkje at det var eit samisk område eg kom til. Det var ein oppdagelse som kom etter kvart. Og eg fann faktisk ut at eg var heilt nord i det sørsamiske området.

Aud: Jeg tenkte på at når du har lært deg et språk som er såpass forskjellig fra morsmålet ditt, opplever du f.eks at ord som betyr en ting egentlig betyr noe annet eller har en videre betydning – jeg spør fordi jeg er gammel språklærer – eller var det greit?

Bondevik: Eg kan ikkje sei at eg kan sørsamisk. Eg kan ikkje snakka det. Eg har lært meg høflighetsfraser og så kan eg skjønna ein del når folk snakka. Men eg er best når eg har tekst, ordbok og god tid. Då greier eg å stove meg igjennom. Og så har eg jobba med bibeltekst og dei får ein med seg etter kvart. Men når ein har studert teologi, så har ein vore borte i språk før. Det som for ein del studenta heiter «ørkenvandringen» var å lære gresk og hebraisk, og på gresk finn du enkelte ord som du kjenne igjen på norsk, for vi har ein del låneord frå gresk i norsk. Hebraisk? Det er ingen-

ting som likna. Og på sørsamisk skal ein heller ikkje leite etter ord som likna på norsk, for det er eit anna språk. Når det er ein tekst på nordsamisk, så kan eg leita etter ord som likna på sørsamisk. Det er litt slektskap. Eit slektskap sånn som norsk og tysk. Ein må berre tenka heilt nytt og starta på «scratch», og det er ein anna måte å bygge opp språket på.

Aud: Ja, jeg hører sjøl at det er enkelte låneord sånn som på nordsamisk: «hest» heter «hesta», f. eks. Men jeg tenkte egentlig på det faktum at noen ord har litt videre eller snevrere betydning på andre språk. Nå har jeg nemlig tenkt å fortelle en veldig dum vits. Den er ganske god, og jeg har prøvd den på Carl Philip. Ja, og den har med ord å gjøre som kan skifte litt fra språk til språk: Det var han søringen som hadde kommet opp til Alta-området, fått seg jobb og bygd seg hus, og endelig hadde han kommet så langt at han hadde fått sådd gress ute, der han skulle ha plen. Det begynte å spire, og han vanna og ordna. Og ut av skogen en dag kommer det en kar i kofte. Og han går rett mot plenen hans, og søringen, han roper: «Men du kan'ke gå der!» Og så svarer mannen i kofte: «Æ går ikke, æ kommer.» Det var litt sånne ting jeg tenkte på, sånne småforskjeller.

Bondevik: Nei, jeg syns den historien er ganske fin. Men kan jeg legge til: Om en går eller kommer, det kommer an på perspektivet. Og en annen ting, eg veit ikkje om de har problem med elg og slikt her, elg som går på vegen. Elgen ville kanskje tenke: «Kvifor har de bygd veg der eg bruka å vera?» Så det er perspektivet ein har. Og alle har sine perspektiv ut fra der ein står.

Aud: Kanskje du vil fortelle litt om sognet ditt, sånn avslutningsvis?

Bondevik: Formelt heiter stillinga mi: Prest i sørsamisk område. Området er definert ut fra Sametingets definisjon av sørsamisk område: Helgeland, Saltfjellet/Polarsirkelen, Rana, Trøndelag, øvre del av Hamar bispedømme, Engerdal kommune, og inn i Sunndal på Møre. Så det er distriktet og i tillegg så kan



ein seie eg er prest for sørsamar rundt omkring i Norge, så det hender eg har teneste rundt omkring andre plassa. Og så bor nå folk forskjellige plassa og no blei eg spurt om å koma hit. Laila har spurd ein del år. Og no fekk eg spørsmål i god tid, og det var ingen andre som hadde spurd meg om den dagen, så då sa eg vi må prøve å få til det. Førstemann ut. Men elles «samisk menighet» (og på sørsamisk) som det heiter, eller «samisk forsamling»: det er ein valg- eller kategorial-menighet i den norske kirke. Tilsvarende «døvemenighet». Du kan bli medlem der i tillegg til at du er medlem der du bor, i Norge. Vi har medlemmer i alle bispedømmer. Noen i Finnmark, og noen heilt sør. Og då har vi og eit menighetsråd, Samisk menighetsråd, som er fire valgte medlemma, pluss presten. Vi prøva å laga til litt ulike aktivitetar. Viktige ting er egentlig å laga samling for folk, så folk får koma i hop og vera i lag og at ein kan kjenne på at ein ikkje er åleine. Og det er og voldsomt viktig for ungdomma. Eg veit ikkje korleis det er i Vang, men ute i distrikta er det vel opp og ned kor mange som er i kullet, og det merka vi og, så vi er fra 2 til 12 konfirmanta kvart år. Men vi har mange gode opplevsela frå å vera der.

Aud: Ja, da vil jeg til slutt få takke for at du kom den lange veien til oss. Her er noen «gastronomiske» blomster, lokal sjokolade og litt annet. Vel hjem!

Aud S. Kvale

Ahmad tok lappen på rekordtid

Etter 3-4 måneder med intensiv øvingskøyring bestod Ahmad Mohamed Ali Obo (41) oppkøyringsprøva på første forsøk!

Frivilligsentralen set seg ned med Ahmad og leiar på Vang læringscenter, Kristin Venås. Det er 10 år sidan læringscenteret og frivilligsentralen saman starta eit bulystprosjekt, der det mellom anna vart kjøpt ein bil som frivilligsentralen bemannar med frivillige til øvingskøyring. Om lag 30 elevar og 15 frivillige har nytta bilen sidan prosjektet starta. Mange av elevane har stått løpet ut heilt fram til førarkort.

- Målet er at dei flyktningane som blir busett i Vang, skal få lyst og ha moglegheit til å bli buande her etter at introduksjonsprogrammet er omme. Og skal dei kunne få seg jobb og trivast her, så er førarkort og bil ein vesentleg faktor, fortel Kristin.

Tilskot og lån

I 2023 innførte Vang kommune ei prøveordning der busette flyktningar som er innanfor 5-årsperioden der kommunen får integreringstilskot, kan søke tilskot på opp til 30.000 kroner til førarkort og rentefritt lån på opp til 30.000 kroner til kjøp av bil. Tilskotet er finansiert av integreringstilskotet som kommunen får frå staten, knytt til dei flyktningane som blir busett her. Formålet med integreringstilskotet er å bidra til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busettings- og integreringsarbeid, slik at flyktningane snarast mogleg får arbeid og kan forsørge seg sjølve og delta aktivt i samfunnet. Kristin er glad for at kommunen har valt å satse på prøveordninga, fordi bilkøyring er ein viktig nøkkel for å kunne delta i samfunnet på alle vis.

- Har du førarkort, aukar området du kan søke jobb i. Og for familiar er det viktig at ungene skal kunne delta i fritidsaktivitetar, det er jo vanskeleg om ein ikkje bur sentrumsnært og ikkje køyrer bil. Førarkort er rett og slett veldig viktig for integreringa, fortel ho.

Prøveordninga skal snart opp til politisk vurdering i kommunen, da håper Kristin at dette blir ei varig ordning.

- Pr no er det to som har fått tilskot til førarkort og fem som har fått lån til bil. For fleir av desse har ordninga ført



til varig eller midlertidig arbeid fleire plassar i Vang og resten av Valdres, så ordninga har fungert etter planen, smiler Kristin.

Motiverte elevar

Ahmad smiler også, og viser stolt fram sitt nye førarkort. Han har øvingskøyrert litt privat gjennom sine 14 år som asylsøklar i Vang, men det var først då han fekk opphald og vart busett i kommunen for eit halvt år sidan, at han kunne starte med køyretimar på køyreskule, øvingskøyre med frivilligsentralen sin bil og søke tilskot gjennom kommunen si prøveordning. Det har blitt nokre hektiske månader med intensiv øving.

- Eg likar å lære nye ting og er ein person som lærer fort, fortel Ahmad.

- Og eg har jobba veldig hardt, samtidig som eg har hatt eksamen på skolen og ein jobb ved sidan av, fordi eg hadde veldig lyst til å ta førarkort.

At motivasjon er viktig kan Jon Heimlid si seg einig i. Han er den som har øvingskøyrert med Ahmad gjennom frivilligsentralen, og for han er det nettopp elevane sin motivasjon som gjer det morosamt å vere frivillig.

- Som frivillig ledsager møter eg hyggelege folk, som er målbevisste og vil oppnå noko, det synest eg er veldig givande. Jon dreiv med frivillig trafikkopplæring på moped og trafikale grunnkurs i mange år. Då han gjekk av med pensjon for nokre år sidan, meldte han seg som frivillig hos frivilligsentralen. Det har blitt mange køyrelevar etter kvart,

og Jon fortel at han lærer noko nytt for kvar gong.

- Det viktigast er å ikkje la seg stressa opp og bli nervøs, det smittar over på eleven. Ein må ta det roleg og gi dei trua på seg sjølv.

Ahmad skryt av den frivillige køyrelæraren sin.

- Jon er veldig flink og veldig snill! Han er flink til å forklare kva ein skal gjere og kva ein må passe på, eg har lært veldig mykje av han, fortel Ahmad og ramsar opp alt dei øvde på.

Klare rammer

Ein del av samarbeidet mellom frivilligsentralen og læringscenteret er felles rutinar for å prioritere og følgje opp køyreelevane. Dei som skal bli prioritert, må ha eit visst nivå i norsk, og dei må fylle ut ein plan for gjennomføring, finansiering og motivasjon. Det skal vere evalueringsmøte, og det er den frivillige som bestemmer når eleven er klar for køyretimar eller nye utfordringar.

- Jon ga beskjed om når eg var klar for å starte på køyreskule, eg sa fort at eg ville prøve nye ting, men han sa nei du må vente til du er klar. Og når vi køyrte så ga han meg ansvar, han sa 'no er eg ikkje her, no køyrer du, no må du ta ansvar og tenke sjølv', fortel Ahmad engasjert.

Trygghet, ro og ansvar fekk han kjenne at var viktig då han kom til oppkøyring. Sensoren sa ikkje berre «køyr til høgre», han ga oppgåver slik at Ahmad måtte tenkje sjølv og planlegge ruta si.

- Eg klarte å vere roleg, og tenkte at det var det same som når eg køyrte med Jon, smiler Ahmad.

Behov for fleire frivillige

Framtidsdraumane er mange for Ahmad, og fleir av dei inkluderer bilkøyring.

- No jobbar eg 30 % som miljøarbeidar på mottaket. Når eg er ferdig på introduksjonsprogrammet, så har eg lyst til å jobbe i Vang kommune som støttekontakt! Eller bli bussjåfør, eller taxisjåfør. Og så vil eg bli vekter, ai-ai-ai, eg elsker å jobbe som securitas, gliser han.

At Ahmad klarte lappen på så kort tid skuldast både motivasjon, hardt arbeid og at han allereie prata veldig godt norsk. Og at vi hadde ein engasjert og aktiv frivillig. For andre kan det ta lengre tid. Det er fleire busette flyktningar som ønskjer å ta førarkort og legge til rette for ei framtid i Vang, difor håpar vi også fleire vangsgjeldingar vil vere med å bidra!

Er du roleg, pedagogisk og trygg i bil? Har du ein time i veka til overs?

Ta kontakt med frivilligsentralen da vel!
- vi lover ei oppgåve som er spanande, givande og meningsfull!

Marte Tangen
Frivilligsentralen



Dugnad på kyrkjegardane:

Høre: Tysdag 7. mai kl 18:00 (ferdigstilling av blomsterrangement til minnelund)
Vang: Onsdag 8. mai – kl. 18:00
Øye: Onsdag 8. mai – kl 18:00
Heensåsen: Tysdag 14. mai – kl 18:00



Cadwin Almenning, Neset i måneskinn

Tilbod om planting på kyrkjegardane

Me har mange graver på kyrkjegardane våre som har stelleavtale – nokre varer i 20 år (legatavtale), og nokre betalar for eitt og eitt år (årstellsavtale). Kven som har stelt desse gravene har variert, men frå 2024 vil Lund arbeidsbase plante på samtlege av dei.

Tilbodet ser du til høgre.

Kontakt kyrkjekontoret på e-post post.vangivaldres@kirken.no eller tlf. 902 42 171 dersom du vil opprette avtale.

Bestillingsfristar:

Vårplanting innan 15. april

Sommerplanting innan 1. mai

Silje Hammerstad



A Dersom du ynskjer planting via Lund, men ynskjer å stelle sjølv gjennom sumaren:

1. Vårplanting kr 450,- inkluderer stemor i fargesprakande farger, leige av blomsterurne og langtidsgjødsel. Blomane vert sett ut rett før 17. mai og teke inn att ved somarplanting.
2. Somarplanting kr 610,- inkl. blomster (2 raude betulia og 3 sølvkrans), ny jord og langtidsgjødsel. Det forutset at det er sett ned plantekasse (ekstra kostnad på ca kr 1200,-). Blomane vert planta ut mellom 6. og 12. juni.
3. Lund har ansvar for at blomane står fint i 2 veker etter utplanting.

B Dersom du vil at nokon skal stelle grava gjennom sumaren, kostar det:

1. Berre vårplanting kr. 600,- inkl. blomar og stell
2. Berre somarplanting kr. 1200,- inkl. blomar og stell
3. Vårplanting og somarplanting kr. 1600,- inkl. blomar og stell

Hjelp oss i jakten på postkassene!

De som kjører ut menighetsbladet støtter rett som det er på et problem: Er denne postkassa i bruk egentlig? Den henger litt rart til, halvveis på baksida av postkassestativet. Navnet som en gang har stått på den, er ikke helt leselig lenger. Noe post ligger det kanskje i den, men posten ser kanskje heller ikke dagfersk ut?



Foto: Quevaal. Quevaal HeyHeyDecay.net

Deres egen postkasse er selvfølgelig riktig plassert, lett synlig og tilgjengelig og med leselig skrift. Men hvis dere vet om en slik tilsynelatende forlatt kasse i nærheten: Vil dere sørge for å få den også synlig og lett

tilgjengelig og at navnet er leselig? Og hvis postkassa faktisk er forlatt, kan dere kanskje fjerne hele kassa? Da ville distributørene av menighetsbladet bli glade da!

Redaksjonen

Livet på brakka

Eg er vorte spurt om å skrive nokre ord i forbindelse med at me kommunetilsette på kommunehuset har flytta i brakkerigg.

Kommunehuset vart bygd i 1967 og har vore eit bra hus å arbeide i, men etter så mange år trengs det som oftast ei oppgradering på fleire områder. På 2000-talet vart det gjort ei stor oppgradering av innearealet. Glasa vart skifta for nokre år tilbake, og no var turen komen for å sjå på moglegheitene til å få eit betre inneklima med å skifte ut ventilasjon. Det siste har nok diverre vore særskild mangelfullt etter nåtidas krav.



For å få til dette fant me ut det var likast å flytte ut medan arbeidet pågår. Me flytta over i brakkeriggen som vart satt opp i Synshagen i slutten av november og har no etter ei tids bruk kome vel til rette. Kontora me har er heilt greie, lyse og trivelege. Er ikkje den heilt store tumleplassen, men fungerer optimalt. Om nokon har lyst til å besøke oss i riggen, er de hjarteleg velkomne.

På kommunehuset skjer det mykje no om dagen, og i skrivande stund er gamle taket fjerna og klargjort for å bygge nytt. Taket vert no rausta slik at det forhåpentlegvis vil ta seg noko finare ut enn tidlegare. Innvendig er det kome på plass nye ventilasjonsrør og klargjort for innvendig heis til alle etasjar. I samband med ombygginga vil det og bli take ein generell oppussing av kontora innvendig. Mange av dei har stått nesten uendra sidan bygget var nytt. Det er satt ned ein eigen komité blant dei tilsette som vil ta for seg fargevalg og utsjånad på desse. Kunstutvalet vil bli kobla på når det nærmar seg innflytting for å få på plass bilde og andre gjenstandar som ein vil vise fram.

Om alt går etter planen, skal huset vera klart for innflytting att til jul.

Ove Martin Stende

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
22. MAI



Nyttilsette Vang kommune frå januar 2024

Kamila Fijalkowska-Bojarska – Reinholdar VBU

Ewa Szalaj – Reinholdar VBU

Inger Kongslie Tveit – Frivilligkoordinator ved Frivilligsentralen

Vilde Kristine Hodneland Larsen – Prosjektkoordinator Ung i Vang

Biljana Jelesijevic – Helsefagarbeidar Vangsheimen

Jorunn Trøen – Avdelingsleiar Grindatun

Silje Hjellemarken Helland – Lærar VBU

Helene Hauge – Lærar VBU

Ingeborg Lunde – Kommunalsjef Landbruk og teknisk

Geoffroy Langlois – GIS-konsulent

Helge Strøm – Lærar Vang læringscenter

Marita Stenberg – Lærar Vang læringscenter

Siv Tone Drevsjømoen Børve – Lærar Vang læringscenter
Anna Bors-Wrobel – Fagarbeidar Fredheim bhg

Emilie Håseth Hermundstad – Fagarbeidar Fredheim bhg

Tora Bakkemo – Fagarbeidar Fredheim bhg

Ingvild Oldre Heggom – Pedagog på disp Fredheim bhg

Kateryna Mykhailova – Assistent Fredheim bhg

Milanko Karapetrovic – Helsefagarbeidar Vangsheimen

Tonje Buajore Sveberg – Helsefagarbeidar Vangsheimen

Øystein Mauritzen – Reinhaldsleiar

Line Gunilla Dahlen – Sjukepleiar Vangsheimen

Omvisar i Høre stavkyrkje

Er du vår nye omvisar/guide i Høre stavkyrkje?

Er du serviceinnstilt, interessert i kunst og historie – og i tillegg trivast med å formidle, er du kanskje den me søker.

Du må være minst 16 år. Skuleelevar, studentar og pensjonistar bes om å vurdere eit engasjement. Du må ikkje binde deg for heile perioden, då me er fleksible på å la fleire dele ein «turnus».

Omvisaren skal gje dei besøkande innføring i og oppleving av historia til stavkyrkja (formidlingsdelen), og sjå til at kyrkja, kyrkjegarden og gjenstandar i kyrkja ikkje blir skada eller vert borte (vakt delen). Begge deler er like viktige.

Omvisaren står for billett- og varesal. I tillegg kan det bli pålagt andre oppgåver som kan utførast i rolege periodar, utan at det går ut over hovudoppgåvene. Slik som reinhald, og stell/vatning/klipping på kyrkjegarden.

Tid: søndag-onsdag, kl 11:00-17:00 – i perioden f.o.m. søndag 23. juni t.o.m. onsdag 14. august.



Omvisinga haldast i hovudsak på norsk og engelsk, men det er og ynskje om personar med andre språkkunnskapar, for eksempel tysk. Det er utarbeida arbeidsinstruks for stillinga. Alle må, før arbeidsperioden startar, forplikte seg til å delta på omvisarkurs og kurs i brannvern. Desse kursa haldast i slutten av mai eller starten av juni. Løn etter kyrkjeleg tariffavtale.

Send søknad til sh466@kirken.no, innan 15. april. Spørsmål vedrørende stillinga? Kontakt kyrkjevevjerje Silje Hammerstad på mob. 902 42 171.

Ledige sommarjobbar Kyrkja har ledige sommarjobbar og håpar du har lyst på ein av dei:

Plen- og kantklyppar

Me treng hjelp til grasklipping og eventuelt kantklipping på kyrkjegardane i Høre, Heensåsen, Vang og Øye i følgjande periode: f.o.m. 1. juni – t.o.m. 31. august. Du kan velje ein av kyrkjegardane eller fleire, og me kan og eventuelt fordele sesongen ved kvar enkelt kyrkje på fleire personar dersom ynskje om dette.

Me har utstyr som du kan nytte, og arbeidet kan du gjere når på dagen du vil. Behovet varierer noko etter været, men inneber ca. ein gong i veka i vekstsesongen. Du skriv timar du bruker på arbeidet og får betalt etter gjeldande tariff.



Gravstellar

Me treng nokon til å stelle gravene som har gravstell-avtale på kyrkjegarden i Vang og på Heensåsen. Du mottar godtgjersle pr. grav, avhengig av antall gravstell-avtalar. Arbeidet innebær vatning og luking gjennom sommarsesongen.

Send søknad på stillingane til:

sh466@kirken.no

Spørsmål? Kontakt kyrkjevevjerje Silje Hammerstad på mob. 902 42 171





Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Alle gode ting er tre	480 95 948	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	TK-Bygg AS	99 00 94 84
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Elektromontasje	48 26 73 64	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyinlam	99 46 61 15
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Grindaheim Bygg &		Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Heen Tre	90 93 29 57	Vang Grave- og Transport-	
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	service AS	95 87 90 04
IngWi modell	91 78 01 38	VangiValdres taxi	46 30 46 30
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Rør	99 52 22 22
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øko-Nils	97 11 01 20
Montér Kvismo	61 36 81 85	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Pelssau	99 71 43 18		

Kondolanseskort

Kondolanseskort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolanseskort

Kondolanseskort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd



Slekters gang

Høre sokn:

Døpt:

27.12: Knut Ole Hjellemarken
Finsveen (døpt på Gomobu)

Vigde:

27.12: Silje Hjellemarken Helland
og Kristian Finsveen
(seremoni på Gomobu)

Død:

17.01: Knut R Thune
01.03: Ola Høyme

Heensåsen

Død:

19.01: Knut Normann Wangensteen
02.02: Gunnar Ingvald Heen

Vang

Død:

06.01: Kirsti Berge
03.02: Ottar Haugen
20.02: Karl Aastad

Øye

Død:

15.01: Ola Grøv

Vang menighetsblad
takker hjertelig for
minnegaven som
ble gitt ved
Ola Grøvs
gravferd



Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja.

Søklarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad kan sendast til:

Torgeir Før's minne,
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen
eller e-post:
torgeirforsminne@yahoo.no

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgevar:
Sokneråda i Vang

Redaksjon:
Silje Hammerstad, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:
Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:
Kyrkjeleg fellestråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

Gudstenesteliste

Søndag 24. mars – Palmesøndag
Haukåsen kl. 13:00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Peters. Kyrkjekaffi i samarbeid med Sølvi Havro i etterkant

Onsdag 27. mars
Vangsheimen kl. 13:00

Institusjonsgudsteneste m/nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Peters

Torsdag 28. mars – Skjærtorsdag
St. Tomaskyrkja kl. 12:00

Gudsteneste m/nattverd v/Terje Ekl.und og organist Peters

Torsdag 28.mars – Skjærtorsdag
Høre stavkyrkje kl. 19:00

Gudsteneste m/fotvask og nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Peters

Fredag 29. mars – Langfredag
Børrelia kl. 12:00

Friluftsgudsteneste, v/sokneprest Laugaland m/fleire

Laurdag 30. mars – Påskentatt
Heensåsen kyrkje kl. 23:00

Påskentattgudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Peters

Sundag 31. mars – 1. påskedag
Vang kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste m/nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Peters

Sundag 31. mars – 1. påskedag
St. Tomaskyrkja kl. 12:00

Høgtidsgudsteneste m/nattverd og dåp, v/Anny Holien og organist Budvytis

Måndag 1. april – 2. påskedag
St. Tomaskyrkja kl. 12.00 – 14.00
Open kyrkje

Sundag 7. april – 2. søndag i påsketida
Øye kyrkje kl. 19:00

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest Laugaland

Sundag 14. april – 3. søndag i påsketida
Heensåsen kyrkje kl. 19:00

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest Laugaland. Kyrkjekaffi før messa

Onsdag 17. april – Morgonsong
Vang kyrkje kl. 10:30

Morgonsong v/sokneprest Laugaland

Torsdag 25. april
Vangsheimen kl. 13:00

Andakt v/sokneprest Laugaland

Sundag 28. april – 5. søndag i påsketida
Høre stavkyrkje kl. 19:00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

Torsdag 9. mai - Kristi Himmelfartsdag
Heensåsen kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med oppsummering av konfirmantåret m/kyrkjekaffi. Felles for alle sokn. v/sokneprest Laugaland og konfirmantane

Sundag 12. mai – søndag før pinse
Høre Stavkyrkje kl. 11:00

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest Laugaland. Markering av ny namna minnelund etter messa

Fredag 17. mai
Vang kyrkje kl. 10:30

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland. Høre Mannskor deltek

Sundag 19. mai – 1. pinsedag
Vang kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste m/nattverd v/sokneprest Laugaland

Måndag 20. mai – 2. pinsedag
St. Tomaskyrkja kl. 12:00-14:00
Open kyrkje

Onsdag 22. mai – Morgonsong
Vang kyrkje kl. 10:30
Morgonsong v/sokneprest Laugaland

Torsdag 23. mai
Vangsheimen kl. 13:00
Andakt v/sokneprest Laugaland

Laurdag 1. juni
Øye kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/sokneprest Laugaland

Sundag 2. juni - 2. s. i treeiningstida
Vang kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/sokneprest Laugaland

Torsdag 6. juni
Vangsheimen kl. 13:00
Andakt v/sokneprest Laugaland

Laurdag 8. juni
Heensåsen kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/sokneprest Laugaland

Sundag 9. juni – 3. s. i treeiningstida
Høre stavkyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/sokneprest Laugaland

Fredag 23. juni – Jonsokaftan
Øye stavkyrkje kl. 18:00
Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og Høre Mannskor

elkonor

Elektromontasje

REG. EL-ENTREPRENØR

- har betalt denne utsendinga av

VANG MENIGHETSBLAD